



Foreldre/ føresette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1523 - 14/5637

Saksbehandlar:

Gro Håland

gro.haland@radoy.kommune.no

Dato:

26.05.2014

## Mai 2014.

Fordelinga av barn på dei ulike avdelingane til neste barnehageår, er omsider klar. Tidelgare i år hadde me ein tanke om å samle alle førskuleborna på ein avdeling, men etter opptaket var ferdig viser det seg at kullet vert for stort til at me klarar dette. Dermed vil me ha lik inndeling på dei avdelingane som me har hatt i år.

Bjørnehiet: 2009+2010- born.

Revehiet: 2009+2010 -born.

Ulvehiet: 2010+2011 -born.

Nordigarden: 2012+2013- born.

Sørigarden: 2012+2013 -born.

Me vil halde fram med samarbeid på tvers av avdelingane ( m.a. førskulegrupper, turdagar, leikegrupper ..), slik at borna får vere saman med dei i kullet sitt.

Kva personale som skal vere på dei ulike avdelingane er pr. dags dato ikkje avklart, men dette skal de få beskjed om så snart det er klart.

Fredag 13 juni, kl. 14:30, er det sommar-avslutning i barnehagen og de foreldre er hjarteleg velkomen i barnehagen. Dersom vêret er bra, så vert det grilling. Barnehagen står for varm grill og drikke til borna, de tek med det de ønskjer å grille. Er vêret dårleg tek me avslutninga inne på kvar avdeling. Då lagar barnehagen til litt kaffi og kaffimat.

Med helsing

Gro Håland

Einingsleiar Bø barnehage

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**  
Foreldre/ føresette